



FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påverkar natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Kultur-, næring- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal

Molde, 5 juni 2020

Tildeling av spelemidler for 2020

Vi viser til innstilling til fordeling av spelemidler til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2020 som skal opp i utvalet 9 juni 2020 (sak KNF 60-20).

Vi har sett gjennom årets innstilling til fordeling av spelemidler til ordinære anlegg og nærmiljøanlegg og sett spesielt på innstillinga til friluftslivsanlegg. Slik vi les årets saksframlegg er det 4 friluftslivsanlegg som innstilt til midlar på ordinær ordning medan 7 friluftslivsanlegg ikkje er det. For nærmiljøanlegg er tala 17 innstilte og 6 som ikkje er det. **Vi meiner at alle søknader i sjangeren friluftslivsanlegg må innstillast til midlar.** Vår grunngjeving er som følger.

1. **Corona.** Landet og verda er råka av Covid-19 utbruddet. Kulturdepartementet skriv i sitt brev av 14.04.2020 at dette skal takast spesielt omsyn til ved innstilling til spelemidler i 2020. For alle som normalt har drevet aktivitetar innandørs har dette viruset fått dramatiske konsekvensar ved at innandørsanlegg har blitt lukka. Då har utandørsanlegga/friluftslivsanlegga der turstiane dominerer, vist sin styrke ved at dei vore opne. Dette har vi sett ved sjølvsyn der turgåing og utandørsaktivitetar har auka på.
2. **Kost-nytte.** I ei verd med begrensa ressursar er det naturleg å tenkje kost-nytte-vurdering når ein vurderer kva anlegg ein bør byggje. No er vi så heldig at våre beste fagfolk i norsk idrett har sett på dette nyleg. I sine granskingar har Gunnar Breivik og Kolbjørn Rafoss ved Norges Idrettshøgskole og Universitetet i Tromsø i sitt studie i 2017 om «Fysisk aktivitet; omfang, tilrettelegging og sosial ulikhet» mellom anna kome til følgjande ;

«Anleggstyper som turstier/turløyper, lysløyper, park/grøntområder, og utmarksarealer har sammen med private treningsentre, og vekt- og styrkerom bidratt mest til den økende andelen aktive i befolkningen. Dette er anleggstyper der det er brukt en liten andel spillemidler. En større del av spillemidlene bør derfor brukes til å finansiere spredning av anleggstyper som samsvarer med aktivitetsprofiler for alle lag i befolkningen, ikke minst den økende andel eldre. Det offentlige bør styrke tilrettelegging og finansiering av 'grønne anlegg' som turstier, lysløyper, park og grønntområder og nærmiljøanlegg der folk bor. Disse anleggstypene når store brukergrupper og har en bred sosial profil.»

- 3. Medverknad/folkeønskje.** Kommunedelplanane for idrett og fysisk aktivitet er styrande for spelemidane. I dei kommuneplanane vi har gått inn i (Ålesund kommune den seinaste) så har vi sett det store avviket mellom folks ønskje om anlegg og kva som kjem fram i den prioriterte handlingsplana for anleggsutbygging. Vi ser at det er eit gjennomgåande ønskje frå folket om gangveggar. Dette vere seg i form at turveggar i nærmiljøet i urbane omgjevnader eller utmarka eller i form av gang- og sykkelveggar. Det pussige er at folks ønskjeliste ofte er målbært i det som ligg på lista over «langsigte anleggsbehov» i kommunedelplanane. Men diverre så manglande i den konkrete nært foreståande handlingsplana. Det generelle bildet tyder difor på at handlingsplanane for aktivitetsanlegg i våre kommunar ikkje er representativ for folks ønskje for aktivitetsanlegg.

Sjølv om vi meiner at det må prioriterast meir uteanlegg (friluftsliv) betyr ikkje det at ein må la vere å handsame desse anlegga etter gjeldande lovverk i landet. Vi viser her til rapport frå Naturvernforbundet av 23 mars i år som viste store manglar i saksbehandlinga (4 av 5) i høve til plan- og bygningslov og naturmangfaldlova ved tildeling av spelemidlar til bygging av turstiar.

Konklusjon

Alle søknader om friluftslivsanlegg som er klarert for spelemidlar for 2020 bør få spelemidlar i 2020. Dette grunna sentrale retningslinjer frå regjeringa om Covid-19, kost-/nyttevurderingar og folks ønskje om tilrettelegging for fysisk aktivitet i retning folkehelse.

helsing

Ingbjørn Bredeli
Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal



Kopi:
Kommunane i fylket